



Dei skal gje Oddvar kjøtt og blod

Festidagen er i gang. Den utvida festivalen starta i ettermiddag med eit spennande tilbod for dei yngste. Det handla om fabeldyr og ein litt spesiell kar som heiter Oddvar. Fram til imorgen vil 14 elevar laga ein musikkvideo om han. Han er morosam, men forstår det ikkje heilt sjølv der han sprader rundt med gullslips. I morgon vil musikkvideoen om Oddvar bli presentert på skulen der Merethe O. Tveit frå Rosendal leiar jobben med å gje Oddvar meir kjøtt og blod. Dei unge videomakarane har gått til oppgåva med stor entusiasme.

- Eg har ikkje dreve så mykje med musikkvideoar, men film har eg lang praksis i, fortel Merethe.

Seinare i ettermiddag kom musikkverkstaden i Herøysund og collage i Helgheim igang. Oppslutnaden er god også om desse programma og tilsaman er 70 unge med i dette nyskapande opplegget. Og fredag vert det hiphop i Helgheim!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Fabeldyr var i vinden i dag Foto: Janne Gloppen Hjørnevåg